

Sitat fra "Den burtkomne Messias"

Eit lite hefte Garborg ga ut der han samla sine svar til artiklar og avisinnlegg som kom etter "Jesus Messias"

Utgitt på Aschehoug & Co. (W. Nygaard) 1907

I Staden for å høyre etter kva Jesus sagde, hev Verdi no i snart tvo tusund År trætta med seg sjølv um kven Jesus var; og i Staden for Jesu Lære hev me fengi Læra u m Jesus.

- Det sannaste som er segjande um Boki mi er elles det, at ho er ikkje ei Bok, men eit Register. Den som vil „lesa" ho, lyt sitja med Nytestamente framfyri seg og slå upp og slå upp, prøve kvart Ord eg segjer etter Tekstane. Øver eg stundom „Bibelkritik", d.e. segjer at det og det Orde knapt kann vera rett ført, eller at det ikkje synest høyre heime der det stend, - so nemner eg og Grunnane til denne Meiningi mi ; dermed kann Lesaren sjølv avgjera um han vil fylgje meg; noko Helvite til å truge med hev eg då visst ikkje.

Den heidningkyrkjelege Umdikting av Jesus frå Nasaret er både historisk og psykologisk umogeleg; det hev eg i „Jesus Messias" påvist etter Bibelen (som lesin utan Teologbrillur tydeleg viser det), og etter Kyrkjesogo, som her hev det avgjerande Årstale 325.

I

(Svar på 2 Stykke av Biskop Peter Hognestad i „Dagbl." Okt. 1906.)

For nokre Mannsaldrar sidan hadde Kyrkja brent meg for Boki um Jesus Messias. No skriv ein høgkyrkjeleg Prest um ho i eit Dagblad. Og han skriv rolegt, ja heiltupp vent; han finn fram, og nemner, det som etter hans Meining er godt i Boki. Ein kann segja kva ein vil: Verdi gjeng fram; me kann tala jamvel om vår Sjælesak no og ikkje taka til Kniven. Hognestad segjer i si Avdøming Ting som eg heilt upp kann godkjenne. Det er soleis sant, at eg hjå Jesus finn Svar på (det etiske) Livsspursmåle; etter ymis Leiting i Aust og Vest lyt eg tilstå, at so vidt som eg kann sjå er Jesu Livslære den einaste som - i alle Tilfelle - gjev Innhald, „Meining" i Live vårt.

- - - - -

Om Jesu guddom

Han (Paulus) skil då og i alle sine Brev gløgt og plent millom „Gud, Faderen", og Jesus som han alltid kallar "Herre" (smf. Boki mi S. 22, Merknad 2); han kallar og sume Stadir (som Rom. 5:15) Jesus beint ut „Menneskje", endå dette i hans Tid var so sjølv sagt at der ingin Grunn var til å halde det serskilt fram (smf. „Jesus Messias" S. 23) ; og um dei 6-8 Stadine der Jesus ved falske Skrivemåtar synest vera kalla Gud, tvert imot all jødisk og nytestamentleg Tenkjemåte, er der Opplysning å få hjå Mennar som er meir lærde i desse Ting enn både Hognestad og eg (sjå „Jesus Messias" S. 23, Merknaden). Skulde Hognestad kjenne Paulus-Ord, som gjorde alt dette til inkjes? - Men det var berre med det same at eg spurde so. Hognestad nemner inkje noko serskilt Paulusord ; det han må halde seg til er då dei vanlege rangskrivne Stadine.

Eg hadde mest ikkje tenkt at den ærlege Bondesonen frå Hognestad i Thime-Sokno skulde ha vorti Teolog so heilt ut. Men med dei rette Faglærde er det på Lag som med Trolli i Valdris-Segnine: dei er både snilde og vituge; men i eit og anna serskilt Tilfelle viser det seg, at med all god Vilje „kann dei ikkje brjote Arti". Me som ikkje er Teologar, me veit Årstale då Jesus vart Gud; og dette Årstale kann me ikkje vride oss ifrå, um me aldri so gjerne „vilde".

Soningslæra

vil Hognestad hava Jesus med på. Han hev ikkje anna å halde seg til enn det Orde frå 1 Tim. 2: 6 som er innsett i Mt. 20: 28 og Mk. 10: 45 (noko so nær ordrett) av ærlegt truande Pauluskristne som fann, at denne viktige Lærdomen enno ikkje var innført - ved Gløymsele, kann-vita - i Sogubøkane. Hognestad synest bry seg mindre um Paulus her (sjå 1 Kor. 15: 3, der det med reine Ord er sagt, at Paulus hev „mot-taki" at „Kristus døydde for våre Syndir"). Ein kann då godt skyna, at han ikkje hev noko større Bruk for det som vert kalla Bibelkritik. Han held seg jamvel til „Spådomane" um at Jesus skal døy, men nemner, snodigt nok, ikkje, at desse same Spådomane talar um Uppstodo (smf. „Jesus Messias" S. 107 fig.)

At Tankane i „Jesus Messias" ikkje er nye hev Hognestad æveleg Rett i. Det er tilmed ikkje berre tyske Teologar som hev „stræva med deim" i „lenger (!) Tid" (åk! kjære Peter Hognestad, norske Teologar burde vel ikkje tala i kald Tone um t y s k e Teologar?); -det er den eldste, den opphavlege, reint ut sagt den bibelske Messiaslæra eg hev sett upp, so godt som eg kunde. Når Hognestad spyrr, kva „religiøs eller moralsk Vinning" eg vil hava fram med dette, so viser han mill. a., at han aldri hev vori i den Sjølenaud som mange kjem inn i, når dei trur at dei hev å velja millom den teologiske Jesus og det teologiske Helvite. - - Eg nemnde Helvite; lat meg med det same takke Peter Hognestad for di han i heile det lange Stykke sitt ikkje so mykje som nemner Helvite eller Fanden. Eg veit nok at han trur på deim. Men sjølve Teologane tek til å verte so kristne no, at dei sjelden nemner desse Villmanns-Tankane, når dei ikkje nettupp er nøydde til. Med Tidi vil dei i dette Stykke au koma nærare upp til Jesus.

Når Hognestad finn at eg „ofte gjeng merkeleg lett yvi vanskelege Ting", so lyt eg segja på Lag som det fyrr hev vori sagt: det som ser lettast ut hev kannhende kosta meg mest Arbeid. Og eg trur ikkje Boki er „lett" for nokon som les ho ålvorsamt. „For Folke" er ho i det heile ikkje. Folke gjer som eg sjølv gjorde ein Gong: held seg til Prest og Postill og læt den „vanskelege" Bibelen liggje. Berre dei som er komne i den Sjølenaud som heiter Tvil, vil vinne lenger enn dei 3-4 fyste Sidune i Jesus Messias"; i so Måte kann Hognestad vera heilt upp trygg. -

*

Teologane elles tegjer. Det er ikkje greidt. Dei fleste av deim hev vel gløymt at der er noko som heiter å tenkje; og dei som ikkje hev nått so langt, dei strævar med å gløyme det. Kva skal dei gjera? Dei er eidsvorne. Dei hev forsvori seg på, at dei ikkje skal koma innpå andre Tankar um religiøse Ting enn dei som dei hadde då dei var ferduge med Eksamen. So er dei nøydde til å stengje seg av so godt som dei kann; der er inga Råd med det.

Den kongelege norske Kulturstaten finn seg i dette. Staten treng Kyrkja; og Kyrkja treng Tenarar som er åndeleg bundne; kor skal ein av? Når Staten ikkje vågar so mykje som det dei kristne Grunnleggjarane av United States våga for tvo hundrad År sidan: å skilja Kyrkja frå Staten, -- kor s k a l ein då av?

Men det er fælt, det er villt å halde denne Skipnaden uppe. Og me kjem vel so langt ein Gong, at han ryk, fær ein tru. Det vil då berre gjelde um, at ein ikkje læt det arme Folke - som strævar med å føde både seg sjølv og oss, og då ikkje hev Stundir til å sitja på Kantor og studdere i kloke Bøkar -at ein ikkje læt Folke stå altfor verjelaust mot rabies theologorum, som med si ugudelege Helvitlære fyller Galnehus og Sjølvdråp-Listur meir enn forsvarlegt er, serleg hjå oss, der Folke bur einslegt og spreidt, og dertil er ålvorsamt av Natur, so at altfor mange kjem innpå Gruvling og tunge Tankar.

II

(Svar på eit Stykke i „A f t p." 3die og 4de Novbr. 1906 av Prof. theol. Brandrud.)

Hr. Redaktør!

Med Forskrækkelse så jeg i Deres Blad Titelen „Theologisk Literatur" over en Anmeldelse af min sidste Bog; og da Anmelderens Navn dertil var mig ubekjendt, fik den Tanke et Øieblik Rum hos mig: sæt at en eller anden flink Theolog skulde have fundet Udvei med at annektere „Jesus Messias" ! Da vil dens Dom være falden.

Jeg begyndte allerede at planlægge en Artikel : min Bog er ialfald ikke „theologisk" ; snarere er den a n t i theologisk: sætter sin Opfatning „anti" c: imod, i Stedet for, den theologiske, ligesom denne sætter sig selv „anti" c: i Stedet for, imod, Jesu egen Opfatning
. . .

Imidlertid blev jeg snart beroliget. Deres Anmelder var vistnok pen i Formen, tildels næsten uhyggelig pen (siger f. Ex., at det „ikke er u d e l u k k e t, at Garborg på v i s s e Punkter har n o g e n Ret") ; men i det hele fordømte han mig, som en Theolog skal gjøre; forsåvidt kan jeg altså være tryg. - -

-- Min Bog er h i s t o r i s k ; dens Formål er at fremstille den israelitiske MessiasTanke, således som denne ifølge Evangelierne træder frem gennem Jesus fra Nazareth. For at få Tanken klart fremstillet har jeg måttet øve nogen Kilde-Kritik: har måttet afvise, ialfald ikke tage Hensyn til, enkelte Beretninger, som er indkomne i Evangelierne efter Aposteltiden, og som står mere eller mindre i Strid med det gennem Synoptikerne i det hele fremtrædende Jesusbillede. De Enkeltheder, som således måtte udskilles, var ikke mange, og Grundene for Udskillelsen har jeg på almindelig Måde fremlagt, ligefrem eller ved Henviisning til let overkommelige og ikke ulæselige Fagskrifter; enhver, som læser min Bog, sættes altså i Stand til på hvert Punkt selv at bedømme Fremstillingen og sammes Grunde; jeg har med andre Ord anvendt den Fremgangsmåde, som er den almindelige i al ikke-theologisk Literatur.

--- Prof. Brandrud gjør Bemærkninger ved mine Kilder; i den Anledning følgende: Kilder har jeg brugt ved Behandlingen af de historiske Forudsætninger for Jesu Forkyndelse og af enkelte såkaldte historiske Meddelelser i Evangelierne. Jesu Forkyndelse selv har jeg meddelt efter Evangelierne direkte, i en så sammenhængende og klar Form, som det har været muligt; ingen Fortolkere er her benyttet. Min Fremstilling har da heller ikke, så vidt mig bekjendt, mødt nogen anden Indvending fra kirkelig Side end den, at det bare er den evangeliske Jesus, jeg fremstiller, og ikke den „hele" c: den kirkelige. Men nu var det tilfældigvis den evangeliske Jesus og kun ham, jeg vilde fremstille.

Ved Undersøgelsen af de 'historiske Forudsætninger har jeg som „Kilder" naturligvis foretrukket Skrifter af ikke særlig kirkelig Art; det gjaldt jo her ikke dogmatisk, men historisk Nøjagtighed og Tilforladelighed. Ikke mindst har jeg da benyttet Viktor R y d b e r g, som for det første skriver Svensk (så at alle Læsere vil kunne kontrollere min Benyttelse af ham), og som for det andet vist er mere inde i jødisk og rabbinsk Literatur end vort theologiske Fakultet tilsammentaget¹!. At jeg ikke har læst S t r a u s s er slemt for mig; men netop for

¹ Også Hr. Prof. Brandrud er tydelig generet af Viktor Rydbergs Anseelse.

Hvad Rydbergs Opfatning af de evige Helvedesstraffe angår, er jeg, som enhver Ikke-Theolog vil se af min Bog, ikke helt enig i hans Resultater.

dette Arbeide vilde vel ikke Strauss have kunnet få nogen særlig Betydning. Af tysk Theologi har jeg læst nogle Sider af et Arbeide over det nye Testamente af Dr. B. Staf, samt „Wesen d. Christentums" og et Par mindre Afhandlinger af Ad. Harnack. Renan, som vistnok er endnu lærdere end Viktor Rydberg, men som skriver så let, at Germaner ikke tør tro på hans Grundighed, har jeg på Grund heraf ikke turdet benytte; kun en Oplysning vedkommende Syriens Luftforhold har jeg lånt, uden at nævne Navn (altså stjålet), for ikke at forskrække norske Læsere; dette Tyveri vil den intelligente Forsker, om han i sin Himmel opdager det, med et vemodigt Smil tilgive. Af Leo Tolstoi, til hvem jeg, som vel alle tænkende Mennesker, ser op som til en Foregangsmand også i det religiøse, har jeg ikke direkte fået anvendt noget i denne Bog; hans „Les Evangiles" syntes på Grund af sit Anlæg ikke at kunne være mig til Hjælp her, hvorfor jeg meget snart henlagde den².

En eneste norsk Forsker har jeg i denne Bog havt Brug for: Filologen og Oldkirkehistorikeren Axel Andersen; ham har Prof. Brandrud mærkelig nok ikke nævnt. Det er en Taushed, som kanske er nokså talende? Derimod nævner Professoren en dansk Forfatter, hvem jeg ikke har benyttet som Kilde; Hr. Brandruds Omtale af denne Mand er kirkelig, om ikke særlig kristelig; her har jeg kun at bekjende, at min Agtelse for Jørgen Gry i ikke ringe Grad overstiger den Agtelse, som jeg selvfølgelig pligtmæssig nærer overfor theologiske Professorer.

- Til Belysning af den theologiske Betragtning- og Argumentationsmåde anføres sluttelig: Som bekjendt (jfr. S. 149 i min Bog) strøg Luther i sin Bibeloversættelse det falske Bibelsted 1 Joh. 5: 7 om „de tre som vidne i Himlen". (Brandrud nævner forresten ikke Luther her, men giver Viktor Rydberg hele Æren.) Det falske Bibelsted kom imidlertid ind igjen; og det pryder endnu vor Kirkebibel.

Nu er der, hører jeg, en tysk Theolog, som har opdaget, at Fabrikanten af 1 Joh. 5: 7 ikke hed Vigilius, men noget andet, og at han levede noget tidligere end bemeldte Vigilius. Dette kan jo for Specialister i Kirkehistorie være nokså interessant. Men Prof. Brandrud må have bygget noget som et Troshåb på denne Opdagelse. Når den hellige Bibelfalskner er rykket opover i Årsrækken, så han er kommet Aposteltiden noget nærmere, hvad skulde da være iveien for, at han kan komme til med Tiden at rykke endnu længere op? - synes Prof. Brandrud at tænke. Og han taler allerede ganske overlegent om „Historien om Vigilius".

Litlu verðr Vöggr feginn. Vigilius eller Ikke-Vigilius: i Spørgsmålet om Gud henholder Jesus sig til Israels Tro („hør Israel, Herren vor Gud, Herren er en", Mark. 12: 29 o. Henvisn.); og for os Ikke-Theologer gjælder Jesus ialfald mere end en hvilkenksomhelst Bibelforfalsker.

III

(Merknad til eit Ord i Herman Lundes Hefte „Garborgs Jesus Messias" – or eit St. i D. 17de Mai 20/12 1906.)

- - - Med „Jesus Messias" hev Teologane vori ikkje lite i Beit. Den Jesus, som eg hev ført fram, det er nok Jesus på ein Måte; men det er ikkje deira Jesus: det er berre Tridjeparten av honom, eller i det høgste Helvti. Og dei hev æveleg Rett. Millom den kyrkjelege Jesus,

² „Garborg bliver neppe nogen norsk Tolstoi" er en Tanke, som synes at have trøstet Prof. Brandrud en Del. Man merkt die Absicht og beklager, at man ikke er Kommediedigter.

som er på ein Gong Sonar og Offergud: ofrar seg sjølv til seg sjølv til å forsone seg, men endå held sitt ævelege Helvite brennande for Stormengdi av sine Brørar (Born; smf. „Jes. Mess." S. 21), -millom denne og den evangeliske Jesus, som er Guds Barn liksom Brørane hans, og forkynner Fagnadbode um ein Fader som ikkje bryr seg um Blot eller Blod, men elsker oss, og vil at me skal elske honom, og vise dette ved å elske vår Næste som oss sjølve, -millom desse tvo Jesusbilæti er det ein Skilnad som me vel trygt kann kalle uendeleg. -

- - At Kyrkja i det lengste held på Helvite læt seg forstå ; Helvit-Læra er det Grunnfjelle Heidningkyrkja er bygd på. Det gamle Eldhelvite liver elles berre hjå „Folke" no ; men sjølve Herman Lunde - i vårt Jerusalem ein av Modeprestane for den Jesus som i sitt Jerusalem vart krossfest (Lunde legg seg då og etter å gjera Jesus noko meir rikmans-tekkjeleg enn han etter Testamente kann ha vori; smf. Mt. 19: 23, 24) - denne Presten Lunde gjer alt det han kann til å halde uppe „det rystende Mysterium i Begrebet Gjengjældelse", um han elles vedgjeng, at Boki mi hev Rett i si „Afskrælling af væsentlig middelaldersk" (c: luthersk) „Udvikling af Jødeforestillinger" um Gehenna („Garborgs Jesus Messias" s. 24)³.

IV

(Svar på eit St. av Chr. Bruun i For Kirke og Kultur Novbr. 1906.)

Um den siste Boki mi hev Novemberhefte av For Kirke og Kultur ei roleg og sakleg Avdøming, som eg hev Chr. Bruun å takke fyri. –

- Bruun finn, som andre fyrr hev funni, at „Jesus Messias" ikkje er lett skrivi. Dette må eg segja at eg helst er glad fyri. Hadde Boki vori serskilt lett, so hadde Teologane sagt um meg som dei sagde um sjølve den lærde Renan: han er Romanskrivar. Eg hev lagt meg etter å skrive klårt; dei som finn at dei treng til å tenkje yvi dei Spursmåli Boki dreg fram, vil då greide ho, um ho er aldri so lite Roman, lyt eg vone. -

- Grunnen i Bruuns Kristindom er Trui på Uppstodo. Det er då her at Domen hans fell sterkast yvi Boki mi.

Uppstodo er etter hans Meining „frygtelig stærkt bevidnet" ; han held seg elles til dei Vitnemåli i N. T., som eg på min Måte hev granska og prøvt („J. Mess." S. 107-114). Måten hans er mest uventande teologisk. Mot Tilvisningane mine til Jesus-Sogune segjer han t. D.: „Dersom Jesus virkelig er opstanden fra de Døde, så siger det sig jo selv, at han på Forhånd har talt med sine Venner om det." Eg hev vist, at Jesus etter Sogune i k k j e kann ha spått um Uppstodo si. Det læt Bruun liggje.

At Jesus hev vori „uheldig i Valget af sine Disciple", soframnt Uppstodo er uhistorisk, det må like eins vera teologisk Tale. Jesus valde etter Sogune Sveinar til å hjelpe seg med å forkynne Gudsrike („J. Mess." S. 27-30); dette Arbeide synest dei hava gjort so han var nøgd med det. Då Jesus mot alle Vonir vart drepin, kom for Sveinane nye Krav upp. Og då er det at dei med all si Sjølekraft samlar seg um Trui på Uppstodo; den åleine kunde halde deim uppe etter det forvillande Golgata-Hende.

³ „Begrebet Gjengjældelse" er ålvorsamt. Syndi straffar seg her i Live so visst, og so strengt at Presten kann vera trygg: det er ingin som slepp for lett ifrå Leiken. Me les no um ein Amerika-Riking som held på og gjev burt Millionane sine; den Mannen er komin etter, at jamvell Gull kann vera „Helvites Eld".

At dei kunde tru på Uppstodo, det skynar me når me dømer deim historiskt, mæler deim med Måle frå deira eigi Tid. Det hev eg gjort: vist, at etter sine Fyrisetningar kunde, ja måtte dei tru på Uppstodo. Å ikkje tru på den hadde for deim vori å negte : 1) at Israels Gud var allmegtig ; 2) at Israel var Guds Folk; 3) at Jesus var Israels Guds Messias⁴. Men um Jesus-Sveinane ut ifrå sine Fyrisetningar hev tenkt og trutt aldri so ærleg, so er det ikkje dermed sagt, at det dei trudde var objektivt sant. Det er eit Spursmål for seg, som krev historisk Gransking og Prøving.

I Grunnen hev Chr. Bruun sjølv visst dette. Når det kjem til Stykke byggjer han, som andre opplyste Kyrkjefolk, si Tru på det han held for åndeleg Sjølvrvøynsle: var ikkje Jesus uppstadin, so vilde Live for Chr. Bruun verte meiningslaust. Den Grunnen er ein nøydd til å lata stande. Men det er ein reint subjektiv Grunn; og kor langt det er millom subjektiv Tru og objektiv Visse, det kjem ein til å hugse av noko Bruun sjølv dreg fram. „Trui" på slikt som To (Stof) og Kraft, den t v i n g a r seg inn-på oss; men den gudelege Trui, -ja den skulde vel vera „fri", etter det som Teologane plar lære.

Seg sjølv hev Jesus haldi for »den som s k u l d e koma" ; Gud vilde gjera han til Messias når hans Tid kom. No skulde han fy r i b u Messiasrike. Han vandrar då um som ein av oss, ja er Tenaren åt Brørane sine. Når Bruun vil kalle Jesus ein „overtroisk Sværmer" av di han trur seg Messias, men ikkje held seg for Gud, - so kann Bruun mill. a. ikkje hava lagt Merke til Ord som Mt. 20: 26 fig. med Tilvisningar, eller til Mt. 11: 29.

Det er i det heile forunderlegt, kor den evangeliske Jesus er komin burt jamvel for dei beste Kyrkjefolk. Peter H o g n e s t a d sagde i ei Umtale av Boki mi, at det berre er ein „halv Jesus" som der er førd fram; det høyrdest meg den Gongen rart. No skynar eg, at jamvel „ein halv Jesus" er for sterkt sagt.

Den bibelske Jesus er etter Kyrkjetriui i k k j e so mykje som „ein halv Jesus" ; den Kristus, Kyrkja hev bygt seg, er ei Trieining: den evangeliske Messias + den paulinske Sonaren + den heidning-kyrkjelege Gud. Men dei tvo siste - Naturane eller kva ein skal kalle det, hev døyvt Messiasnaturen so ned, at han no helst vert burtgløymd. Fåe av mine teologiske Domarar hev lagt Merke til Hovudstykket i Boki mi : Jesu Forkynning (S. 44-72); dei kjem helst innpå Paulus og Kyrkjelæra, og g l ø y m e r Jesus⁵.

Ein Gong vilde Chr. Bruun, um eg minnest rett, ikkje vera Grundtvigsmann, og ikkje Johnsonmann, og knapt nok Luthermann ; berre eit Namn brydde han seg um å bera: Namne etter Nasaræaren ; det var vel i den Tidi då han hjalp seg med „en Religion omtrent som denne Garborgs". Sidan hev mangt skift. Bruun segjer vel knapt no som for nokre År sidan: „jeg er Oftedøl" ; men han vedgjeng, at med Jesus frå Nasaret klarar han seg ikkje. Spursmålet er etter Jesus: korleis skal eg liva det Live eg fekk; Bruun spyrr fysst og fremst korleis skal eg nå Fram til eit anna Liv?⁶ Ein „mådelig Kristindom" utan „religiøs Begeistring" eller „religiøs Styrke" er Jesuslæra; ho hev nok kunna „frembringe store Karakterer" ; men nokon rett Kristindom vart det ikkje. „Det har", segjer Bruun, „været en tør, mager Fromhed i Sammenligning med den kristelige Menigheds", c: den kyrkjelege. Det er den, han no hev søkt inn til ; og med alt han kann hava å segja um Pietistar og dilikt, so hev han

⁴ På same Måten er Paulus seinare rædd for å verte funnin som eit „falskt Vitne for Gud"; Messias m a a vera uppstadin. Elles vilde Israel; i det helle alle Messiastruande, vera „dei usælaste av alle Menneskje"; og den Grunnen hev jamvel for Farisæaren Paulus vori bindande.

⁵ Då Jesus er „2dre Person i Trieiningi", kjem etter dette Formelen for Trieiningi til å sjå soleis ut:

$$1 + (1 + 1 + 1) + 1 = 1.$$

Men då det berre er Guddomen Jesus som kann vera med i Trieiningi, vert Menneskje Jesus og M e s s i a s Jesus her utskilde. Likevel er Jesus „e i n Person", heil og ukløveleg. - - - Teologisk Algebra fær ein vel kalle dette.

⁶ Jesus lærde sjølv eit Liv etter dette. Men Bruun må hava Læra um Uppstödo, fyrr han kann tru på Jesus her.

ikkje trega på dette. Heiltupp vedkjømelegt er det å lesa Bruuns Ord um den Verdi der me „færdes og famler og elsker og h a d e r" ; ein heilt annan Klang var der i Jesu Ord : du skal ikkje hata ! ---- du skal e l s k e jamvel din Fiende.

Men Jesu Lære er ikkje Kristindom; Jesu Lære er „Rationalisme". Og Rationalistlæra hev, med alle store Vonir, ført til „nokså ynkelige Skuffelser". Ei „vassen og begeistringsfattig" Tru er dette, i Hovudsaki jødedom ; og um jødedomen klara det i si Tid, so er han no for gamall. „Kristendommen" -Paulus-Læra med sine Tillegg frå Nikæa o. s. fr. - er „den „retmæssige og naturlige Arvtager" etter jødedomen; og slik ein Erving vart Kyrkjetrui, „ikke blot og ikke mest v e d J e s u L æ r e" , men fyrst og fremst ved Læra um Uppstodo. Kristindom, det er ikkje å elske sin Næste som seg sjølv; Kristindom er: det „Udødelighedens Håb", som etter Bruun berre læt seg byggje på denne Læra. Chr. Bruun talar so ærlegt her, at han hev ikkje minst min Vyrndad. Men den heile Sanning kjem ikkje fram, fyrr det vert sagt beint ut, at den heidning-kristelege Kyrkja er bygd på det Berge som heiter Paulus. Og det må ikkje heller verte gløymt, at i Nikæa og i Konstantinopol, der vart Tårni til denne Kyrkja reiste.

V

(Svar til „Steingrim Lærar" i U n g l y d e n 3 Jan. 1907)

Steingrim Lærar gjev meg gode Ord for den siste Boki mi.

Han finn nok, at eg „hjørtelaust tyner Jesus Kristus". Han finn like eins at eg „vrakar Bibelen" ; for ikkje Læraren Jesus, „Sonaren Jesus er Kjerna og Mergen i den heilage Skrifti". (Tilvisningar hadde her vori gode?) Og vrakar me Bibelen, spyrr Steingrim, „kva hev me då å setja i Staden?"

Eg, min Syndar, hev sant å segja haldi meg til Bibelen so godt som eg berre kunde. Det finst i „Jesus Messias" inkje-noko um Jesu Liv eller Lære som er teki annan-stad ifrå enn frå Nytestamente ; og a l t som Nytestamente inneheld um Jesu Lære og Liv hev eg nemnt eller ført fram. Og ikkje eit Ord hev eg sagt um at me skal vraka Bibelen ; heller er eg etter Kyrkja for di at h o altfor mykje „vrakar Bibelen", hev sine „Sannings-Kjeldur" u t a n f o r den. So her skynar eg i k k j e Steingrim Lærar.

Dess betre skynar eg han, når han segjer „Menneskjesonen kann me k a n n h e n d a liva, men i k k j e d ø y p å" ; eg kjenner dette so vel att frå mine eigne Strids-Tidir. Presten hev lært oss å spyrra, ikkje so mykje um korleis me skal liva, men fyrst og fremst um, korleis me skal døy. Kva Jesus tenkte um dette siste Spursmåle hev eg etter Testamente lagt fram i Boki mi. Men det eg serskilt hev lagt fram, det som eg ser Jesu sanne Visdom i, det er, at han lærer oss korleis me skal l i v a.

Gjeng ein til Jesus fyrr ein hev komi til dette Spursmåle, - ja, Jesus svarar sitt: Du skal gjera Guds Vilje. Dette Svare finn me, med vår Kyrkjeupplæring, forunderleg lite djupt. Det er klårt! Beint ut sagt klårt! Og det som er klårt kann då ikkje vera djupt? Nei; dette er nok ikkje noko å høyre på. Me dreg på Aksli og gjeng vår Veg, um Lag som Spyrraren i Mt. 19:16-22. Men hev ein arbeidt so lengi med Livsspursmåle at ein ser kor stutt me i røyndi rekk, med Tenkjarvisdom som med Kyrkjelærdom, so kann det hende at ein gjeng til Jesus på nytt Lag, og spyrr: korleis var det i Grunnen du meinte det du sagde, Meistar?

Jesus svarar, rolegt som fyrr: Du skal gjera Guds Vilje. Det Live du hev fengi skal du nytte soleis som Gud, den høgste Livslovi, byd. Då er du i Guds Rike alt her på Jordi; Gudsrike er innantil i deg (Lk. 17: 20, 21).

So talar Jesus. Ein segjer kannhende endå ein Gong med seg sjølv : so djup som dei Skriftkloke er Meistaren ikkje. Men hev ein tenkt seg um eit Bil, so kjem ein til å minnast Skaldeorde um den Visdomen „som et Barn kan forstå, men ei de Vise udgrunde" ; og ein fær ein Mistanke um, at den som talar um dei høgste Ting so at jamvel eit Barn kann finne Meining i det, - han er vel sistpå djupare enn jamvel dei som talar so „djupt" at dei ikkje skynar seg sjølve.

- Ein kristin i nytestamentleg Meining, d. e. ein Messiasfylgjar, ein Jesus-Svein, er då den, som i heilt Ålvor arbeider med å „halde Bodi". Med dette vil det i Fyrstningi ikkje gange noko rart. Men etterkvart gjeng det betre; det er som det er komi ein ny Vilje i deg: din sanne menneskjelege Vilje samlar seg og vinn fram, med veksande Kraft og med veksande Glede. Og den Uhyggja som fyrr låg yvi både Live og Dauden, den kjem meir og meir burt. Du vert fri og glad; og um du aldri so vel veit, og meir og meir ser, at du er ufullkomin, so vil du med alltid heilare Hug arbeide deg fram-yvi mot det høge Måle som er sett i Mt. 5: 48 (Lk. 6: 36).

Du kjem meir og meir i Samanheng med ditt sanne deg-sjølv; du kjenner at du hev „vunni Live". Og det Liv du hev vunni er ditt rette, ditt i høgste Meining „naturlege" Liv; du hev då ikkje på nokon Måte Grunn til å „skapa deg", korkje for deg sjølv eller for andre. Eit Gudsborn er du, men er det i Samhøve med Ord som Mt. 6: 1--7, 16-18. Det vil ikkje gange noko Rop i Bygdi um, at no er du „frelst", eller at no hev du „fengi Nåde" ; men dei som hev med deg å gjera, dei vil finne at du er greid å ha med å gjera, og dei vil vera glade for det; eller som Jesus segjer: dei vil „sjå dine gode Gjeringar og ære din Fader i Himlom".

Live vert deg gjævt, høgt, heilagt, og det um det etter vanlege Mål er både ringt og smått. Du tek til å skyna det gamle Orde um, at det som er smått for Verdi er stort for Gud, d. e. at dei småe Livs-Kåri gjev dei beste Vilkår for eit rett Menneskeliv. Jamvel det ålvorsame i eit Ord som Mt. 19: 23-24 vil klårne for deg.

Men liksom me skal elske Næsten som me elsker oss sjølve, so skal me og elske oss sjølve som me elsker Næsten. Næstekjærleik, men ikkje Sjølv-Uppgjeving kravde Jesus; han var ein Livslærar og ikkje ein Drøymar.

I ei Tid som denne, då Mammon heilt hev vorti Gud, ikkje berre i den vanlege Verdi, men og i den „Kyrkja" som denne Verdi hev laga seg, vil du kjenne deg drivin til å vise din Kristindom i Gjering i Ålmenlive med. Du vil der som elles gjera det du kann til Hjelp for dei Brørane som lid Urett og Naud; du vert soleis ein av dei trugne og aldri trotnande Her-mennane i den Striden mot Mammons-Velde som kjem up i Rikslive meir og meir, - ein Strid som Kyrkja krossfester so godt ho kann med Ord naglar som „radikal", „ukristeleg", o. s. fr., påa Lag liksom Tempelprestane fekk Jesus hengd upp på ein meir handfast Kross utanfor Jorsal.

TILLEGG. MOT-MESSIAS (ANTIKRIST)

Den himilske Mot-Messias som var uppsett i Nikæa År 325 e.- Kr., fekk eit Par hundrad År seinare sitt tydelege jordiske Motstykke: Paven.

Denne lagde i k k j e Dulsmål på kven han var. Han kalla seg Kristi Jarl (Fullmegti for den Kristus som var Gud og Herre yvi Verdi) i Staden for Jesu Fylgjesvein; og han rådde på Jordi som ein Herre yvi Herrar og Konge yvi Kongar, ja let Kongar og Keisarar knefalle for seg og kysse Stortåi si.

Det var det Aronske Prestekongedøme han hermde; men han var Øvsteprest og Øvste-konge yvi J o r d i, og ikkje berre yvi eit Land. Tusundårsrike var komi, og Paven styrde Jordi i Guds (Kristi) Stad; han var då sjølv Gud på Jordi. Han var Hovude for den Kyrkja som no skulde råde Verdi, liksom Jesus hadde vori det åndelege Hovud for sin vesle Flokk av Sveinar og Fylgjarar; i Røyndi minner Paven um „Horne" på det skræmelege Dyre som Daniel såg i Draumen sin; dette Horne hadde Augo og ein Munn som tala store Ting; og det førde Ufred mot dei heilage og fekk Velde yvi deim (Dan. 7:8, 21; smf. Opb. 13:5-7).

Store Ord hev denne Mot-Messias tala mange av, sjølv og gjennom Tenarane sine⁷. Ein Kardinal hev i ei Bok („Paven Kristi Jarl, Hovude åt Kyrkja") sett upp ei Liste på Pave-Titlar, 62 i alt, som hev vori og enno er i Bruk; dei inneheld mykje som ein vel helst må kalle Gudshæding: Paven er „det guddomslege Overhovud", „Øvstehovud yvi alle Kyrkjehovdingar", „den høgste Hyrding", „Kristus ved Salving", „Lykleberar for Himilrike", „Apostolisk Herre og Fader yvi Fedrar", „Berge som Helvitportane ikkje vinn med", „den mistaksfrie" o. s. fr.

Bernhard av Clairvaux skreiv (1150) mill. a. til Paven: „Du er Øvstepresten, Bispfyrsten, Arvtakaren etter Apostlane; du er Kristus ved Salving; du hev Himil-Lyklane ; du er sett yvi Sauine." „Ingin utan Gud er lik Paven", segjer St. Bernhard, „korkje i Himilen eller på jordi." O. s. fr.

Eit Ord av Pave Bonifacius VIII: „det er naudturvelegt til Frelse for kvart Menneskje å vera Paven undergjevin," stend i Kyrkjelovi. Gregor VII liknar Pavemagti og Kongemagti ihop med dei tvo store Himil-Ljosi; Pavemagti er Soli; Kongemagti fær sitt Ljos av den, er Månen. Ein Erkebisp (St. Antonius) hev skrivi, at Paven er større enn både Menneskji og Englane i Mynju og Magt; for ein Engel kann ikkje vigje inn Kristi Likam og Blod, og ikkje løyse og binde. Paven „opnar Himilen, sender dei skyldige til Helvite, grunnfester Rike, skipar heile Presteskape".

Lateran-Kyrkjemøte kalla Paven „Fyrste yvi Allheimen", „Prest og Konge som alle Menneskje skal hylle, og som er Gud mykje lik", „Løven av juda Ættgrein", „Davids Rot", „den Frelsaren, Gud hev uppreist", o. dl.

Ei katolsk „Kyrkjeleg Ordbok" (av Ferrari) segjer um Paven : „slik ein Vyrdleike og slik ei Høgd hev han, at han er ikkje berre Menneskje, men Gud, å kalle, og Guds Augnesyning; difor hev han ei trifeld Krune, for han er Konge yvi Himil, Jord, Hel. Han sit på det eine og same Domarsæte som Kristus. Han er, å kalle, Gud på Jordi; honom er Styre yvi det jordiske og himilske Rike yvigjevi." Ja det vert sagt, at Paven kann motverke Guds Lov, ved avgrensande (innknipande) Tolkingar o. s. fr.

Dette er katolsk Kyrkjetru; Paven krev ho og hev gjort ho til Sælevilkår. I eit Bann-lysbrev yvi Dronning Elisabet segjer Pave Pius VI, at Gud „yvigav ei heilag katolsk og apostolisk Kyrkje - o g u t a n f o r d e n e r i k k j e F r e l s e - til ein einaste på Jordi, til Peter, Apostelfyrsten, og til Peter-Fylgjaren, Bispen i Rom, med Styringsfullmagt. Honom åleine gjorde han til Fyrste yvi alle Folk."

Pave Nikolaus I segjer beint ut, at Paven Ikkje kann verte dømd av Menneskje, „a v d i h a n e r G u d". Etter Pave Innoncents III slt Paven „på den sanne Guds tad" ; Ord som „vår

⁷ Charles T. Russell: Millennial Dawn (i dansk Umskrift „Millenniets Daggrø") II, St. IX.

Herre Gud" er beint ut bruka um Paven i Ordtydingane til Kyrkjelovi. Tvo kjende gamle Kyrkjelærarar segjer at Paven kann gjera „mest alt som Gud kann gjera" ; men ein som skreiv seinare (Decius) strauk dette "mest" : Paven kann gjera a l t som Gud kann gjera. Ein annan Kyrkjeherre segjer: Paven hev Forsæte i Verdi i Kristi Stad; ingin kann neite honom Lydnad meir enn ein kann neite Gud, Lydnad. Den engelske Kardinal Manning (død 1892) forkynner, at Paven er „den øvste Domar og Styrar yvi Samvite åt Menneskjom", og „den einaste, siste, øvste Domaren yvi Rett og Urett" ; det er so Gud sjølv kjem burt, so breid og stor vert denne Motkrist.

Or gamle Pavebrev hev ein engelsk Granskar funni fram ei lang Liste med Ord som ber på same Leid ; her er nokre av deim:

„Difor, då slik ei Magt, i Himilen, Helvite og på Jordi, er gjevi Peter og i Peter meg (Paven), kven er då den i heile Verdi som ikkje bør rette seg etter Bodi mine?" „Eg åleine stend ikkje under nokon Skapning, ja ikkje under meg sjølv dess-meir" ; „alle bør lyde og fylgje meg; og ingin må skulde meg for noko vondt eller døme meg, og ingin avsetja meg, utan eg sjølv. Ingin kann bannlyse meg, um eg so hev Samfund med dei utstøytte; ingin Kyrkjeregel bind meg." „Det store i Prestedøme byrja med Melkisedek, vart vikt i Aron, fullkomi i Kristus, framført i Peter, opinberra i Paven. So at i meg, Paven, viser det seg å ha vorti heilt ut til Røyndom, det som vart sagt um Kristus : „du hev lagt alt under Føtane hans". Paven må ein då alltid taka for god og heilag. Ja um han fall i Mord eller Hor', kann han vel synde, men ikkje verte klagja; han må heller verte orsaka ved Myrdingane åt Samson, Stuldine åt Hebræarom o. a. „Heile jordi er Prestegjelde mitt; eg er åndelegt Yvihovud yvi alle Menneskje, hev same Mynja som Kongen yvi Kongane. Eg er alt i alle og yvi alle, so at Gud og eg, Augnesyningi hans, me hev berre e i n Domstol." „Kva anna kann de gjera meg til enn Gud?" „Um Kyrkjeherrar vert kalla Gudar av Konstantin" (Keisaren), so må „eg som stend yvi alle Kyrkjeherrar, dermed stande yvi alle Gudar." Difor „stend det og i mi Magt å brigde Tid og Tidir, umgjera og avtaka Lovir, avløyse frå alt, jamvel frå Kristi Fyriskriftir" ; for „um Kristus aldri so mykje byd Peter stinge sitt Sverd i Slira, tru då ikkje eg, Pave Nikolaus, like godt skriv til Bispane i Frankrike og byd deim draga Sverde?" „Kva skal eg segja um Mord, når eg vedtek, at det ikkje er Mord eller Dråp å slå bannsette ihel? Like eins tek eg fri både frå naturleg Lov og Apostel-Lovir; når Kyrkeretten segjer at ein Prest skal rnisse Embætte for Hor Skuld, so segjer eg nei, av di eg meiner Mannahugen er veikare no enn han fyrr var." Og Paven set upp ei Liste på 51 Bod og Fyriskrifter som han på visse Vilkår gjev Løysing frå. Han set like eins upp ei lang Liste yvi sine Innkomur og Dyrdir og Eigedomar og Land, uhorvelege Rikdomar som han eig, trass i Jesu Ord um dei rike. At Paven i 1870 vart lyst mistaksfri, so at han no etter sjølv Kyrkjelæra er „liksom Gud", veit me. Like eins veit me, at Bibelen i Pavekyrkja er bannlyst, so nær som i katolske Kyrkjeumsetjingar med tilsette kyrkjelege Forklåringar⁸; og sjølv denne Bibelen må ingin eige utan skriftlegt Løyve frå Presten. I ei Pavebulle frå 1816 er det sagt, at „ved dette overlag sløge Påfynster" (å gjeva ut Bibelen på Folkemål) vert „sjølv Grunnvollane for Trui undergravne" ; og sjølv den milde Pave Pius IX banna „dei løynske og svikfulle Samlagi som vert kalla Bibel-Samlag, og som gjev den urøynde Ungdomen Bibelen i Hendane". Då den kyrkjelege Mot-Messias var komin til Magt, reiste han seg mot den sanne Messias med ein Krig som er det styggaste og fælaste Heimssogo kjenner. All Heidning-Villskap frå jamvel dei myrkaste Tidine er berre Barneleik mot den kyrkjelege Djevledansen som dei kallar „Forfylgingar".

Det gamle Rom hadde med all Heidindom fari etter Måten lindt fram mot dei Kristne.

⁸ Som til Mt. 3: 10: „Rangtruande . . . kann og bør verte tukta og avliva ved den verdslege eller kyrkjelege Embættsmagt", o. s. fr.

Protestantkyrkja hev gjevi Bibelen fri; Folk som ikkje trur på den kyrkjelege Bibelumsetjing og -Tolking vert berre dømde til Helvite.

Liksom Pilatus i Evangelie og Feliks og Festus i Apostelgjerningar freista dei romværske Hovdingane for det meste å stogge Prestehate rnot Jesus-Sveinane hjå jødar og Heidningar. Av Keisarane var det Nero og sume andre som dreiv med Forfylgjingar, helst i den Tidi då det gamle Rom tok til å ræddast for Dauden; men desse Forfylgjingane varde sjeldan lengi, um elles den under Diokletian var drjug nok (10 År).

Då Keisarane vart „kristne“, vart det på ein Måte verre. Det gav verdsleg Vinning å kalle seg kristin, og „Kyrkja“ vart full av Skrymtarar; sanne Jesus-Sveinar vart heller trengde undan. Men full-gali vart det ikkje fyrr Pavedøme kom til Magti.

Då tok det til med full Trudomstvang: Løn for dei kyrkjelege og Nedkvæving og Undantrengjing av alt som var att av Heidindom eller av den gamle Messiastru. Skriftemåle vart her serleg ut-nyttat. Gjennom det fekk Kyrkja Greide på Tankar og Synsmåtar hjå alt Folk, og nytta denne Kunnskapen ut til å draga sine eigne fram og skuve undan deim ho mindre kunde tru på. Men ved dette kom ho uviljande til å gjera såmt godt au. At sann Kristindom laut lide i Verdi, det hjelpte då som fyrr til å halde sann Kristindom uppe.

Men i det heile gjekk det som det alltid gjeng der Lygni og Sjølvhugen rår: med Tvangsvelde vaks Skrymtardomen; og den gamle Messiastrui kjende seg meir og meir framand i Kyrkja. Og vart framand med. Dei JesusSveinane som her og der fanst brydde ingin seg um; dei fôr stilt og gjorde småe Krav, og vart lite åtgådde. Men Kyrkja vaks; og Mot-Messias vart meir og meir Heimsens Herre. So vaks då og Kravi hans. Og Pavemagti, som var bygd på åndeleg Grunn, vart ved dette, den verste av alle Tvangsmagtir.

Ho vilde råde yvi heile Menneskja, Sjøline ikkje minst. No hadde ho ikkje mykje av Åndsmagt. Det var gjennom Kjensla og Huggleiken ho måtte vinne: med Undersogur på den eine og Rikdom og Glans på den andre Sida aga ho Mengdi, og dei meir framkomne drog ho og batt til seg med Fagerdom og Kunst: Byggverk, Bilætverk, Tonar, storlagde Kyrkjeskikkar o. a. Og med dette vann ho langt. Ho vann Mengdi både uppe og nede. Men dei ålvorsamt gudelege og dei tenkjande, dei som kravde Sanning fysst og fremst, deim fekk ho mindre Magt med. Og rneir og meir skyna ho at dette var fårlegt. Skulde ho vera trygg for si Magt, laut ho vinne desse med, - eller vinne yvi deim.

Det gjekk som det laut gange. Det som fyrr hadde vori Uttestengjing, Til-sides-setjing, vart Tvang og Tyngjing, og sistpå Vald; den „kristne Kyrkja“ tok sjølv til å forfylgje Jesus-Sveinane (Valdensarar, Albigenarar, Hussitar, Hugenottar og kva dei utetter Tidine vart kalla). Og det vart Forfylgjing for Ålvor; MotMessias skyna, at her galdt det Tilvære hans. Det vart ei Forfylgjing, ikkje på nokre År, men ei Forfylgjing som varde og sorn rakk, Hundradår etter Hundradår, og auka og voks, i Vidd utyvi heile den kjende Heimen, og i Hardhug og Villhug til ho nådde det høgste av Fælske som Sogo veit um. Her berre nokre av dei grovaste Dragi:

Alt i År 630 måtte den spanske Kongen, drlvin av Kyrkjemagti, gjera Eiden sin på, at han ikkje i alle sine Rike og Land vilde tola anna enn kyrkjetrugne. I 1160 vart det ei hard Forfylgjing i England; 1224 tog Tyskekeisaren til å brenne deim som „trudde rangt“; og Franskekongen gav seg til med det same i 1228. Pavane sjølv preika Krossferdir i Kristi Namn mot dei Jesus-Kristne, og lova Forfylgjarane - det verste Herk under Soli --- Syndsforlating og fri Inngang til Himilen; på den Måten kom det i den fyste Helvti av 1200-Tale i Gang ein Trudoms-Ufred som varde i 20 År, med Brenning av Byar og Bygdir og Blod fløymande yvi Land; ein Stad vart 180 Menneskje brende upp på ein Gong; det er so ein trur ein er i Helvite, når ein les um det. Men Kongar og Hermennar som var Førarar for denne Slagting og Brenning, dei vart av Paven lyste heilage; og Kyrkja dyrkar desse Heilagmenni enno.

Keisar Karl V forfylgde Luther og hans Flokk i alle sine Land; Hertugen av Alba fekk på 6 Vikur Live av 18 000 Protestantar ; i Holland vart 50 000, i Belgia 100 000, drepne for Vantru mot Pavekyrkja; i Frankrike hev me Blodbad og Blodbrudlaup i Merindol, Orange, Paris o. s. fr. ; Mennar, Kvende, Born vart nedkniva eller oppbrende, ofte pinte og skamfarne på den fælaste Vis; etterpå gjekk Kongen i Kyrkja og takka Gud for det som gjort var. Og Kristi Jarl i Rom og hans Hovmennar song Lovsongar og heldt Takkemessur av Hjartans Grunn, og lyste dei verste Blodhundane heilage; „Forsvararar for den heilage Trui" døypte ho deim, Eg kann ikkje rekne upp all denne skræmelege Molokdyrking i Jesu Namn; eg skal endå berre nemne, at i eit einaste irskt Landskap, Ulster, vart i ei „Krossferd" i 1641, etter ei Rekning som gjeld for rimeleg, 154 000 Protestantar drepne eller avjaga. Men det fælaste av alt er Trudoms-Retten, „Inkvisitionen", som kom upp i 1204.

Å gjeva ein Tanke um det Helvite som med den vart kveikt yvi den „kristne" Verdi, det læt seg ikkje gjera på- eit Ark eller tvo. Men eitt og anna kann eg nemne.

Den minste Mistanken um „Vantru" var nok til at kven som helst, utan Varsel og utan Forsvar, ja utan so mykje som vanlegt rettslegt Klagemål, vart innestengd i fæle Fangehol, og det på reint uviss Tid, til dess den heilage Retten fekk Stundir eller fann for godt å „forhøyre" 'n. Sjølve Forhøyri var løynlege, og Pinebenken den visse Forhøyra, so sant Syndaren ikkje strakst let seg skræme til å segja det „Retten" vilde høyre. Det som er fortalt um desse Pinslune vilde me aldri kunna tru, um ikkje mange av Pinsleveldi og -Våpni var å sjå både her og der i europæiske Samlingar; some av deim hev eg sjølv set, og det kulsar i meg berre eg hugsar deim.

All Helvit Pinsle som ut læt seg tenkje vart utnytta her i Jesu Namn : Kvæving, Flåing, Brenning, Ihel-Boring, Ihel-Svelting o. s. fr. ; smelta Bly vart hellt i Halsen, eller i Øyro på Folk; Hjul vart tilskipa med Knivsblad, som småhakka Syndaren sund; på dei Stadine av Kroppen som toler minst vart han brend og knipin med gloraude jønnstengar og Knipetengar ; Augo vart klembde ut på Folk, og Neglar utdregne med Jønn som glødde ; sume vart bundne med Tog som vart dregne gjennom uppskorne Hol i Hæl-senane; eller dei vart drivne til å hoppe ut frå Høgdir og ned på Lausgolv med lange kvesste SpikarOddar upp-igjenom ; der laut dei liggje til dei var ihelslitne av Verk og Senedrått. Sumt er slikt at eg orkar beintfram ikkje fortelja det.

Ei av dei utrulegaste Pinsle-Gognine er skildra i eit franskt Soguverk um NapoleonHerferdi til Spania:

I ei Krå i ein Kjellarkvelv attum Forhøyrssalen stod eit stort Bileetverk av Tre; det skulde vera jomfru Maria. Um Hovude hadde det ein Strålekrans og i den høgre Handi ei Fane. Um Aksline hekk ei vid Silkekåpe; men under den hadde Bilætstodo noko som ei Brynju; då dei såg etter viste det seg, at Framsida av Bilæte var fullsett med kvasse Saumar og småe smale Knivsblad med Oddane ut. Bilæte hadde Arrnar med Udir, og eit Gognverk attum ein Halvvegg sette Armane i Rørsle; ein av „Retts"-Tenarane vart tvinga til å setja Verke i Gang; Bilæte rette då ut Armane, liksom det vilde draga einkvar inn-til seg. Ein fullstappa Hermanns-Ryggsekk som dei let det få, drog det då åt seg fastare og fastare. Sistpå viste det seg, at Sekken hekk fast på dei kvasse Oddane; då dei fekk 'n laus og såg etter, var han all igjenom upphakka med Småhol; kvart Hol var ei 2-3 Tomar djupt.

Um sjølve Fangehuse fortel Boki:

Då det vart opna, syntest ei lang Rad med myrke Holur som det stod liksom Liktev or; og noko som Skrymt kraup fram or desse Holi. Busteskjegg ned-yvi Bringa og Neglir som Fugleklør skjemde desse Beinrangli, som no ned hivande Barm saug frisk Luft for fyste Gongen på lange Tidir. Mange av deim var Kryplingar vortne, med Hovudi frambøygde og Armar og Hendar stivt hangande; dei hadde vori innestengde i Hol so låge at 'dei ikkje

hadde kunna stande rett. Mange døydde same Dagen. Generalen og fleire av Her-Rådane gjekk seinare inn i dette Fangehuse; dei såg her Pinsie-Reidskap so stygg-fæle, at jamvel desse Mennane som var vane med Vigvollar og all Styggedomen der, dei kulsa av Rædsle.

- Og dette var endå so seint som i Napoleon-Tidi.

Trudomsretten dreiv det so vidt, at stundom når ein Arming var pint til dess han ikkje tolde meir, let dei ein Lækjar stelle 'n til Rettes att på ei Vis, og gav seg so til å pine 'n på nytt Lag. Pinsla vart serskilt nytta til å tvinge Syndaren til å nemne fleire „Rangtruande" som denne „Retten" kunde få i; Fanden hev aldri vori meir hol etter Sjælir til å pine enn denne kristelege Trudomsretten.

Noko-so-nær alle katolske Land, i og utanfor Europa, hev havt slike Domstolar. Lærde Mennar som hev granska Sogo um dette jordiske Helvite, trur, at Pavedøme i dei siste 1300 Åri hev - endefram eller umveges - teki Live av slikt-noko som 50 Millionar Menneskje.⁹ Endå i våre Dagar priser katolske Blad dei „Trudomskjempur" som på denne Måten hev elska sin Næste. Eit spansk Paveblad nemner med Ros slike „heilage Mennar" som Torquemada og andre, som det sjølv fortel hev brent livande i alt 35 534 Mennar og Kvende (og dømt 293 533 Menneskje til andre Straffir) berre i Spania ; og eit katolskt Blad i Amerika skriv, at kunde det få fylgje sin Hug, so vilde det sprette „Protestant-Læra" „upp og lema ho sund; stinge ho på Pålar og hengje ho upp til Kråkereir; sprengslite ho med Knipetengar og brenne ho med gloande jønn ; fylle ho med smelta Bly og søkkje ho ned i 100 Famnar djup Helvit-Eld" ; - i Amerika segjer dei Protestant-L æ r a, vågar vel ikkje på Prent å segja beint fram Protestantar. Og Bønir til Gud um, at den „heilage Inkvisitionen" må koma upp att, hev alt til dei siste Tidir vori å lesa i katolske Blad. Den pavelegantikristelege Helvit-Elden brenn soleis åndelegt enno.

Med alt dette „tyrste Kyrkja i k k j e etter Blod". Det var den verdslege Magti som laut bera Skuldi for all denne Myrding og Brenning.

Endå betre kunde Protestantkyrkja sidan skulde på Riksmagti når ho kveikte sine Bål; ho hadde sjølv gjevi seg inn under Verdi.

Det var elles ikkje for „Vantru" Protestantkyrkja brende sine Folk; sjølv C a l v i n greidde seg her med Øks eller Galge. Det som no heldt Båli brennande var ei Djevledyrking av eit framifrå Slag.

Djevelen var komin til Magt på ein serskild Måte. Det var han som rådde i Verdi no. Ikkje berre Faderen var gløymd; Gud i det heile var å kalle avsett. Berre; eit lite Fåtal („dei utvalde") rådde Gud yvi no ; „Verdi" hadde fengi Djevelen til Gud, og skulde høyre honom til æveleg. Det var då rimelegt, at Djevelen steig fram og viste si Magt. Det var ei Djevletid som no tok til ; Trolldom og Develsdom spøkte all Stad; og mot denne Develsdomen var det at Båli vart kveikte.

Men nok fekk dei å gjera no som fyrr; Bål loga upp yvi heile det protestantiske NordEuropa. Jamvel det fredelege Norig kom her med. Trollmennar og Trollkjerigar i Mengd vart sende Eldvegen til sin Herre Fanden¹⁰.

Men dei slokna, desse Båli med. Millom Grunnane til dette skal eg her nemne den, at Kyrkja no hadde fengi eit fullgodt Bål i hin Heimen.

⁹ Meir um desse hugsame Ting kann den som hev Hug lesa hjå Soguskivarar som M a c c a u l e y, M o t l e y, D'Aubigne, White, Elliot, Foxe o. m. fl.

¹⁰ T r o e l s L u n d : „Dagligt Liv i Norden i det 16de Årh." XIII, S. 139.

Rom-Kyrkja hadde ikkje havt stort anna å fara mod enn Skirsle-Elden. Det var lite tess med det katolske Helvite; Folk kunde umvende seg i Skirsle-olden, eller verte kaupte ut av den; ein var då aldri trygg på at ein kunde få dei vonde ned i den ævelege Elden. No hadde Luther stroki Skirsleelden. Helvite var sett inn i Bibelen all Stad ; og Folk skulde til Helvite no med same dei døydde, når dei då ikkje hadde den rette Trui. Dermed var alle ugudelege visse på Helvite, Trolldomsyrkjarar fysst og fremst.

Dette hev gjort Kyrkja tryggare. Ære vere Gud. Me hadde felvite, som både brann æveleg og dertil var tusund Gongir heitare enn den heitaste Eld; no var det berre å preike Helvite mod Fynd, so vart sjølve Tollkjerigane rædde. Soleis hev Helvite ikkje gjort berre vondt. Med sitt drøymde Eldhav sløkte det dei jordiske Båli.

Alle magistri, doctores, professores sette seg til med sine lutherske Biblar og skreiv hjartevarme Bøkar um, kor endelaust nådig og faderleg Gud var, som sat sæl i sin Himil og såg Stormengdi av sine kjære Born brenne æveleg i det uendeleg heite Helvite. Og Evangelie um Helvite vart forkynt med Kraft i alle Kyrkjur og i alle Skular. Enno er Helvite Grunnen under ProtestantKyrkja. Og som Messias i Rom kom burt attum Pavestolen, soleis kom han i Nordlandi burt attum Prestekjolar og Bokskåp. Men som den romværske Antikrist hev bleikna på sin Stol, so tek og den protestantiske Djevelen til å folne. Me hev Prestar som vågar å tegja med Djevelen når dei skriv på Prent; ja det hender, at dei, når dei skriv, i Staden for den ævelege Elden sét inn „det rystende Mysterium i Begrebet Gjengjældelse".

Med Folke er det verre. I Staden for den gamle truskyldige katolske Fanden hev det endeleg fengi den vonde og veldige protestantiske Djevelen inn i Tankeheimen sin; og det som verre er: Folke treng meir og meir denne Djevelen. For Folke ser, kor lite Rettferd det er i Verdi; og den einaste Trøysti det hev er den: i Æveheimen skal Lasarus hava det godt, men den rike Mannen skal brenne; heitare enn heitt, i Ævords Ævur og Endeløysur skal han brenne; brenne -- -

Den sanne Messias talar gjennom den gløymde Bibelen enno det Orde som hev Magt til å frelse Verdi : du skal elske, unne, din Næste som du elskar, unner, deg sjølv. Kjem Verdi nokon Gong so langt at ho kann høyre og skyna dette Frelsarorde?